

Historia om Svelgen:

Folketeljinga frå 1801 fortel at innerst i Nordgulen budde det 36 personar. 100 år seinare er folketalet omtrent det same. Folket budde på dei to gardane Rise og Sande. Livsgrunnlaget deira var husdyrhald, fiske og jakt, samt skogs- og tømmerdrift. Dei to gardane hadde kvar si sag ved Svelgselva. Her var det rikeleg med vassføring, så dei kunne drive saga heile året.




Fram til starten av 1900-talet gjekk livet sin vante gang for innbyggerane. Her var ingen vegar, så all transport gjekk med båt. For bonden og fiskaren var det færingen som gjaldt. For frakt av tørka fisk og anna for sal i Bergen, spleisa bruka på større båtar.



Fråhaldsrøysla på veg ut Nordgulen

Rundt 1914 vart A/S Bremanger kraftselskap skipa, og i 1921 stod den nye kraftstasjonen ferdig. Dette var første steget på vegen som skulle forandre bygda til ein moderne industristad. Staden fekk namnet Svelgen etter den vassrike elva som var grunnlaget for utviklinga.

Vi skal no ta deg gjennom Svelgen si utvikling fram til den industristaden vi kjenner i dag.



Kraft 1 står ferdig i 1921




Øyratunet idag

Du står no ved Øyratunet, det eldste huset i Svelgen. Det blei bygd som bustadhus i 1860 av Per O. Rise på bruk 3. Etter at sonen Olai P. Rise flytta inn i huset med kona Olina, blei huset kalla Olinahuset. Her budde folk til 1970-talet.

I dag eig Bremanger kommune Øyratunet. Det blir disponert av Svelgen kunstlag.

Om du ser herifrå og ut mot fjorden er det dette arealet som utgjorde Bruk 3 på Rise.



1. Historia om Svelgen og Øyratunet
2. Rise bruk 3
3. Svelgen skule
4. Risegardane
5. Bustadutvikling
6. Folkets hus
7. Ungkarsmessa

8. Brakkehaugen
9. Nye huset til Peder Rise
10. Bakarhuset
11. Risebrua
12. Sjukestova
13. Villabakken
14. Bakketunet

15. Hus 4 og 5
16. Rustadtun
17. Hus 8 og Driftstyrarbustaden
18. Sande og Risesaga
19. Elkem Bremanger
20. Samfunnshuset og Gunnar Scheldrup
21. Coopen, Børnefabrikken og knalltuten

22. Fylkeskaia
23. Sjøkanten og Kjelkenesbutikken
24. Sandegardane
25. Skyssbåtane
26. Realen
27. Kapellet
28. Avslutning